

Fråsegn.

Ved ordföraren i Hordabö har eg motteke melding om at Hordabö heradstyre i möte den 22. august 1958 har vedteke å byggja veg frå Lilletveit til Manger grense. Heradstyret har sett som vilkår at det vert ytt fri grunn og byggjematerialer der vegen skal gå.

Underskrevne eigar av grn. 26 brn. 6. Tveit i Hordabö, segjer hermed frå at eg gjev fri grunn å byggjematerialer over min eigedom til denne veg, og at vegen skal gå der Hordaland vegkontor finn det mest tenleg.

Lilletveit, den 6. oktober 1958

Olav Lilletveit.

Til vitne:

Vera Andersen.
Olga Lilletveit

Fråsegn.

Ved ordføreren i Hordabø har eg motteke melding om at Hordabø heradstyre i møte den 22. august 1958 har vedteke å byggja veg frå Lilletveit til Manger grense. Heradstyret har sett som vilkår at det vert ytt fri grunn og byggjematerialer der vegen skal gå.

Underskrevne eigar av grn. 26 brn. / Tveit i Hordabø, segjer hermed frå at eg gjev fri grunn å byggjematerialer over min eigedom til denne veg, og at vegen skal gå der Hordaland vegkontor finn det mest tenleg.

Lilletveit, den 6. oktober 1958
Ognavas Lilletveit

Til utve:

Vera Andersen.
Olga Lilletveit

Serutskrift

av møteboka for Hordabö heradstyre ~~formannskap~~

av det som vedkjem sak nr. 51 i møte den 22. august 1958.

Av 19 medlemmer var 18 til stades.

Sak 51/1958. Vedk. veg Lilletveit-Manger grense i Hordabö. Dei skriv som låg føre vart referert. Planar og kostnad utarbeidd av Hordaland Vegkontor låg føre såleis:
Vegprosjektet har ein samla lengde på 1220 meter og er kostnadsrekna til kr. 180.000.- .Av dette fell på Hordabö kommune 275 meter og kostnad kr. 36.000.-. På Manger kommune 945 meter og kostnad kr. 144.000.-
Samröystes vedtak: Ordföraren får mynde å gjeva skjematisk trygd for vegen innan Hordabö sine grensor så snart grunnspørsmålet og byggjematerialar er i orden. Det vert å sökja Hordaland Vegkontor om å få fylkestilskot til vegen med 20 % som vanleg. Formannskapet bör freista få ordna med frivillige dagsverk.

Rett avskrift.

Alfr. Nordanger.

HORDABØ FORMANNSKAP
NORDANGERVÅG

Hordaland Vegkontor,
Bergen.

Veg Lilletveit - Manger grense, i Hordabö.

I møte i Hordabö heradstyre den 22. august 1958 sak 51/58, vart det samröystes vedteke å gje trygd for ovannemnde veg, i samsvaret med planar og kostnad utarbeidd av Hordaland Vegkontor. Vegleng i Hordabö er 275 meter kostnad kr. 36.000.- Det vert å søkja fylket om vanleg tilskot med 20 % av byggekostnaden. Ordföraren har fått mynde å gje skjematisk trygd for veggen. Ein torer difor beda om å få tilsendt skjema for utfylling av skjematisk trygd, koretter saki skal verta send Dykk.

Hordabö formannskap, den 11. sept. 1958.

Alfr. Nordanger.

GI/AL.

Bygdevegprosjektet Lilletveit - Myking i Hordabø og Manger.

Sendes med vedlegg herr vegsjefen i Hordaland.

Dette er et gammelt vegprosjekt som første gang var fremme i 1935 og som nå - etterat såvel melketransport som annen transport gårdene imellom er gått over til biltransporter - har fått øket interesse.

Til det opsatte overslag has intet særlig å bemerke og linjen er - efter foretatt befaring - funnet å være bra lagt i terrenget.

Hordaland Vegkontor, Bergen, den 11. juni 1958.

Ingolf S. Glambek.

GI/AL.

Bygdevegprosjektet Lilletveit - Myking i Hordabø og Manger.

Sendes med vedlegg de herrer ordførerne i Manger og Hordabø.

Vegprosjektet har en samlet lengde av 1.220 m. kostnadsregnet til kr. 180.000,-.

Av dette faller:


På Hordabø herred 275 m. - kostnad kr. 36.000,-
" Manger - " - 945 " - " - " 144.000,-

Vegsjefen i Hordaland, Bergen, den 12. juni 1958.





Olav A. B. Torpp.


Ingolf S. Glambek.

Bygdevegsprosj. Lilletveit-Myking
i Hordabø og Manger.



Kartskisse M = 1:50000

-  Riksveg
-  Bygdeveg
-  Prosj. veg

Hordaland vegkontor
juni 1958

/HL.

Hovedplansoverdrag for bygdevegsprosjektet
Lilleveit-Myking i Hordabö og Manger herreder
Kj. b. br. 3,50 m. plan. br. 5,0 m. grus på steinlagsdekke

Pel til Pel	Lengde i m	a' kr	kr	Sum	
				kr	
0	27+5 2.75	75,-	20625-		
3 stk.	stikkrenner 60/60	400,-	1200-		
Konto B.	underbygning		21825-		
"	G. Vegdekke 2.75 m	25,-	6875-		
"	E+F+G ca 25%		7300-		
Pel 0 til pel	27+5 = 2.75 m		36000-	36000-	i Hordabö
27+5	43 155	50,-	7750-		
43	75 320	125,-	40000-		
75	97 220	75,-	16000-		
97	112 150	125,-	18750-		
112	122 100	75,-	7500-		
5 stk.	stikkrenner 60/60	400,-	2000-		
Konto B.	underbygning		92000-		
"	G. Vegdekke 9.45 m	25,-	22625-		
"	E+F+G ca 25%		28375-		
Pel 27+5 til pel	122 = 9.45 m		144000-	144000-	i Manger
<u>Til sammen i Hordabö og Manger 1220 m</u>				<u>180000-</u>	

Hordaland Vegkontor, juni 1958

/H.L

Bergen, den 4. juni 1958.

Herr Vegsjefen i Hordaland,
her.

Bygdevegprosj. Lilletveit - Myking.

Etter ordre fra herr vegsjefen har jeg undersøkt i Hovedplan vegprosj. fra Lilletveit i Hordabö til Myking i Manger.

Linjen har sitt utg.punkt (A) i bygdevegen Haugland - Lilletveit, hvor denne slutter, og felles endepunkt (B) med det nesten ferdige bygdevegsanlegget Sætre - Myking i Manger.

Limjens forløp forövrig går i store trekk i nord-sörlig retning, passerer vån.hus til Oliver Lilletveit v/pel 17 ca. 15 m. öst for dette, og ved pel 40 vån.hus til Magnus Myking ca. 8 m. öst. Linjen på dette parti er flat m/endel ondulasjon. Fra pel ca. 50 fölges skråningen öst for dyrka mark og privat veg med stigning 1 : 20 frem til ett skar v/pel ca. 66. Videre med stigning 1 : 33 over dyrka mark, forbi en gammel husgrunn v/pel ca. 83 frem til pel 93, 30 m. forbi eiendomsgrense mellom Magnus og Otte Myking.

Faller så mot endepunktet (B) med 1 : 100 og krysser markaveg v/pel 105.

Endepunktet pel 122, ca. 45 m. sør for eiendomsgrense mellom Otte og Magnus Myking, tilsvarer pel ca. 27 + 5 i stikning av 15/1 52 på Veganlegget Sætre - Myking.

Vegen er prosjektert med 3,5 m. kjörebanebredde + gröft og banket tilsammen 5,0 m. planering, samt möteplasser.

Vanlig vegdekke med stein og grus.

Vegprosjekt Lilletveit - Myking er 1220 m. langt og vil anslagsvis belöpe seg til kr. 180.000,-.

Herav:

Innen Hordabö	275 m.	kr. 36.000,-
- " - Manger	945 "	" 144.000,-.

Harald Larsen
H. Larsen.

Sendes gjennom ^{overing} Glambek.

Protokoll frå sammöte mellom
Hordabö formannskap og Manger formannskap.

Den 8. nov. 1957 vart halde sammöte mellom Hordabö formannskap og Manger formannskap i det nye kontorbygget til Hordabö kommune. For Hordabö mötte: Ordf. Alfr. Nordanger, Johs. Böe, E. Sachariassen, Normann Villanger og Karl Morken. For Manger mötte: Ordf. O. Holmås, Sverre Kolstad, Edv. Kopperdal og formannskapssekr. P. Morken.

På mötet vart handsama fylgjande sak: Bygging av gjennomgangsvegen Lilletvedt i Hordabö - Myking i Manger. Begge kommunane har tidlegare hatt saka oppe og bede Vegkontoret i Hordaland stikka vegen. Vegsjefen har svara at spørsmålet om at vegen skal opptakast bör koma frå begge kommunane i samarbeid.

Ordf. Alfred Nordanger styrde mötet, og gjorde først greie for saka. Han meinte at ein no saman måtte oppmoda Vegkontoret å stikka vegen, og sökja om å få vegbygget oppteke utanom dei vanlege vegbygga i kvar kommune.

Ordf. Holmås var samd i å oppmoda Vegkontoret om stikking, men meinte at ein burde prøva å få vegbygget oppteke som ei lengjing av vegbygget Sætre/Myking i Manger.

Andre som hadde ordet var Johs. Böe, E. Sachariassen, Sverre Kolstad og Karl Morken.

Alle var samde i hovudsaka: Nemleg at vegen bör byggjast snarast råd er, og at ein med ein gong skal sökja Vegkontoret om å få vegen stukken.

Det vart samrøystes gjort slikt

vedtak:

I samhöve med tidlegare vedtak i Hordabö heradstyre og i Manger heradstyre bed formannskapa i Manger og Hordabö Vegkontoret i Hordaland snarast råd er stikka og kostnadsrekna gjennomgangsvegen Lilletvedt i Hordabö/Myking i Manger.

*S. Kolstad
K. Morken
Edv. Kopperdal
P. Morken*

*Johs. Böe
E. Sachariassen
Norm. Villanger
Alfr. Nordanger*

P. Morken
sekr.

Fylkesmann K. M. Nordanger

Høybråten, 28. september 1957.

Kjære Alfred Nordanger.


Eg skreiv i si tid til ordfører Holmås om vegen Setre - Listveitn. Det er no for gale at denne vegstumpen enno ikkje etter so mange år er opparbeidd. Vegen skulle no vera av interesse for mange andre ogso enn folka på Myking, t.d. for mjølketransporten og for regulering av trafikken. Eg såg ein gong i BA at formannskapa i Hordabø og Manger skulle ha møte om vegen, men sidan har eg ikkje sett noko til det.

Kan ikkje du no ta deg av denne gamle vegsaka. Det er ikkje stort av vegen som ligg i Hordabø, og heile vegen er ikkje større enn at dei to kommunane, når dei er samde, vil kunna få fylkesvegsjefen med på å fremja saka.

Det blir so ofte sagt at ein i staden for ny kommuneinndeling bør få til kommunalt samarbeid. Her har me eit av dei mangfaldige døme på kor seint og seigt det går med å få til samarbeid mellom kommunane, og særleg mellom små kommunar som treng det mest.

Du må årsaka at eg blandar meg inn i dætte vegspørsmålet. Men eg har i 40 år ønskt at vegsambandet Hella - Setre - Listveitn skulle bli fullført. Og eg har tykt det var leidt å sjå at ~~egne~~ kommunane heime tek so lite omsyn til folk i utkantane. Eg er glad for at alle heimar på Radøy no snart har elektrisk krsft, og det har vori ei gleda for meg å hjelpa til at kraftverket fekk låna turvande midlar til dette. Men når det gjeld dette vesle vegstykket, kan eg ikkje gjera noko anna enn å oppmoda ordførarane om å få saka løyst. Og dei kan greia det !

Vennleg helsing


K.M. Nordanger.


11
Jan 184
57

Vegkontoret i Hordaland,
B e r g e n .

Hordabö formannskap og Manger formannskap hadde den
8. nov. 1957 sammöte og gjorde dette vedtaket:

I samböve med tidlegare vedtak i Hordabö heradstyre
og i Manger heradstyre bed formanskapa i Manger og
Hordabö Vegkontoret i Hordaland snarast råd er stikka
og kostnadsrekna gjennomgangsvegen Lilletvedt i Hordabö/
Myking i Manger.

Bövågen, den 8. nov. 1957.


ordf. i Hordabö.


ordf. i Manger.

Lillevet, den 18.sept.1957.

Til ordföraren i Hordabö-formannskapet.

Vedk. samanbinding av vegen Lillevet og Mykingsvegen i Manger.

Når ein nå er kjend med at Manger har teke denne saka opp, men at vegkontoret krev samarbeid millom kommunane for å få vegen stukken og opptekang til bygging, vil underskrivne få lov koma med ei serskild oppmoding til Dykk om å vere med på dette samarbeide for å få denne vegen samanbunde så snart det berre let seg gjera.

Det er klart at me her på Lillevet aldrig vil få noko god bilferdsla - korkje rute eller varebil- för denne vegen vert ~~er~~ ferdig, sameleis som det er like klart at heile biltrafikken ville verta rasjonalisert ved at ~~denne~~ lina, Haugland - ishuset i Manger, vart direkte samanbunde.

Det er berre rimeleg at Manger som har lengste stykket å byggja (11-1200 meter) må taka første steget i denne viktige vegsaka. Men det er like rimeleg og sjölvsagt at Hordabö, som berre har 150-200 meter, er med i arbeidet for samanbinding- og at kommunen snarast byggjer ut til grensa mot Manger.

Me ventar difor at De av omsyn til oss som bur på denne noko einbölte garden vil ~~verre~~ hjelpe til så godt det let seg gjera for at biltrafikken kan verta betre og laglegare. Bygging av nemnde vegstykke er löysinga her.

Vyrdsamt

Gaus Lillevet

Annie Lillevet

Oskar. Yngland

Olav Lillevet.

Marianne Lillevet

Zette Lillevet

Oskar Lillevet